

UTKAST Forskrift om tildeling av langtidsopphald i sjukeheim og bustad med heildøgnstenester, vurderingsmoment og vurderingslister m.m.,

Vågå kommune, Innlandet

Dato

Ikrafttredelse

Gjelder for Vågå kommune, Innlandet

Hjemmel LOV-2011-06-24-30-§3-2a

Kunngjort

Kortittel Forskrift om tildeling av langtidsopphald i sjukeheim, Vågå

Heimel: Fastsatt av Vågå kommunestyre 13. juni 2017 med heimel i lov 24. juni 2011 nr. 30 om kommunale helse- og omsorgstjenester m.m. (helse- og omsorgstjenesteloven) § 3-2a anna ledd.

Kapitteloversikt:

- Kapittel 1. Formål, lovgrunnlag, definisjonar, virkeområde og organisering (§§ 1 - 5)
- Kapittel 2. Vurderingsmoment for tildeling av langtidsopphald (§6)
- Kapittel 3. Rett til enkeltvedtak og oppfølging av personar på vurderingslister (§§ 7 - 8)
- Kapittel 4. Saksbehandling, eigenbetaling og klageadgang (§§ 9 - 12)
- Kapittel 5. Ikrafttredelse (§13)

Kapittel 1. Formål, lovgrunnlag, definisjonar, virkeområde og organisering

§ 1. Formål

Forskrifta skal fastsette vurderingsmoment som Vågå kommune legg til grunn for tildeling av langtidsopphald i sjukeheim **og bustad tilrettelagt for heildøgnstenester**.

Forskrifta skal vidare fastsette korleis Vågå kommune skal følgje opp personar som står på vurderingsliste til langtidsopphald i sjukeheim.

§ 2. Lovgrunnlag for tildeling langtidsopphald

Heimel for tildeling av langtidsopphald i sjukeheim er lov 2. juli 1999 nr. 63 om pasient- og brukerrettigheter § 2-1a anna ledd og § 2-1e første ledd, jf. lov 24. juni 2011 nr. 30 om kommunale helse- og omsorgstjenester § 3-1 første ledd, § 3-2 første ledd nr. 6 bokstav c og § 3-2a første ledd.

Heimel for tildeling av disposisjonsrett til bustad tilrettelagt for heildøgnstenester er lov om pasient- og brukerrettigheter § 2-1e første ledd, jf. lov om kommunale helse- og omsorgstenester § 3-1 første ledd og § 3-2a første ledd. Heimel for tildeling av helse- og omsorgstenester i bustad som nemnt i første setning er lov om pasient- og brukerrettigheter § 2-1a andre ledd, ev. også § 2-1d, jf. lov om kommunale helse- og omsorgstenester § 3-1 første ledd, jf. § 3-2 første ledd nr. 6 bokstav a og b, og/eller § 3-2 første ledd nr. 5, ev. og § 3-8.

Saksbehandling i tildeling etter forskrifta her skal følge forvaltningslovens regler. Klage på vedtak om helse- og omsorgstenester er regulert i pasient- og brukerrettighetsloven kapittel 7.

§ 3.Definisjonar

Med sjukeheim meiner vi helseinstitusjon som fell inn under «forskrift 16. desember 2011 nr. 1254 om kommunal helse- og omsorgsinstitusjon» § 1 bokstav d og e og § 2.

Langtidsopphald i sjukeheim er eit bu- og tenestetilbod utan tidsavgrensing.

Vurderingsmoment er moment som inngår i ei fagleg forsvarleg og skjønnsmessig heilskapsvurdering av om ein person skal få tildelt langtidsopphald i sjukeheim.

Vurderingsliste er ei oversikt over personar som ikkje fyller vilkår for at dei umiddelbart skal få langtidsopphald i sjukeheim, men der vi vurderer at dette er det tilbodet vedkomande vil vere best tent med. Dei som står på vurderingsliste vil bli vurdert når det blir ledig kapasitet, og den med størst behov får tildelt plass først.

Med bustad tilrettelagt for heildøgnstenester meiner vi¹:

- Behovet for bistand skal bli oppdaga raskt, forsvarleg og nødvendige hjelpetiltak skal bli iverksett på kort varsel.
- Personen må kunne tilkalle bistand eller hjelp heile døgnet, anten ved personbistand eller via velferdsteknologiske hjelpemiddel.
- Behovet for hjelp må kunne bli avdekkja uavhengig av brukar si moglegheit for å varsle helsepersonellet direkte. Det vil si at tenesteytar må kunne oppdage behov for bistand.

§ 4.Virkeområde

Forskrifta gjeld for pasientar og brukarar som oppheld seg i Vågå kommune. jf. lov 24. juni 2011 nr. 30 § 3-1 første ledd. Forskrifta gjeld i tillegg for pasientar og brukarar som har konkrete planar om å flytte til kommunen og har eit så omfattande tenestetilbod at det er nødvendig at bu- og tenestetilbodet er avklart før flytting.

§ 5.Ansvaret og mynde

Enkeltvedtak om tildeling av langtidsopphald i sjukeheim og bustad særskilt tilrettelagt for heildøgnstenester blir fatta av Tildelingskontoret i Vågå kommune.

Kapittel 2. Vurderingsmoment for tildeling av langtidsopphald

§ 6.Moment for tildeling av langtidsopphald i sjukeheim

Pasient eller brukar har rett til opphold i institusjon der dette etter ei helse- og omsorgsfagleg vurdering er det einaste tilbodet som kan sikre personen nødvendige og forsvarlege helse- og omsorgstenester. Vågå kommune pliktar i slike tilfelle å gjeva opphold i institusjon umiddelbart, og desse personane skal ikkje bli sett på vurderingsliste.

Tildeling av langtidsopphald i sjukeheim skjer med bakgrunn i ei fagleg forsvarleg og skjønnsmessig heilskapsvurdering med bakgrunn i følgjande moment:

- Alle relevante tiltak skal vere utprøvd eller vurdert i forkant, til dømes:
- Korttidsopphald i sjukeheim for vurdering av funksjonsnivå og rehabiliteringspotensial.

¹ Helsedirektoratet, "Registrering av helse- og omsorgsdata i kommunen"

- Tiltak i heimen som tilrettelegging av bustaden, kvardagsrehabilitering og velferdsteknologiske hjelpemiddel.
- Helse- og omsorgstenester i heimen.
- Dagtilbod utanfor institusjon eller dagopphald i institusjon.
- Avlastingstiltak for nærliggende omsorgsperson.
- Brukaren sitt funksjonsnivå og totale hjelpebehov. Brukaren må ha eit varig, omfattande pleie- og omsorgsbehov, der nødvendig kompetanse og utstyr for å sikre helseoppfølging og behandling berre kan bli gjeve i institusjon.
- Om det er nødvendig med tenester, tilsyn eller nærvær gjennom heile døgnet eller med korte mellomrom.
- Om personen har kognitiv svikt, og kor alvorleg den kognitive svikten er.
- Om personen evner å tilkalle hjelp sjølv ved behov.
- Medisinskfaglige vurderinger

§ 7 Moment ved tildeling av bustad tilrettelagt for heildøgnstenester

Vurdering ved tildeling av bustad tilrettelagt for heildøgnstenester skjer basert på ei heilskapleg og individuell vurdering av pasient/brukar sitt funksjonsnivå og behovet for eit tilrettelagt bummiljø. Følgjande moment blir vektlagt:

- Alle relevante tiltak skal være prøvd ut i forkant jfr lista i § 6 andre ledd.
- Personen har behov for tenester heile døgnet (dag, kveld, natt gjennom heile veka).
- Pasient eller brukar med stort til omfattende bistandsbehov. Herunder behov for bistand store deler av døgnet, der det er utfordrande å dekkje behovet på ein forsvarleg måte i anna bustad.
- Tildeling kan skje av førebyggjande formål. Målet er å førebyggje og utsette behovet langtidsopphald i institusjon.
- Personer med alvorlig demens og/eller utfordrande atferd vil som hovudregel ikkje få tilbod i bustad med heildøgnstenester.
- Pasienter med omfattende bistandsbehov som treng omfattende bistand frå sjukepleie vil som hovudregel ikkje få tildelt bustad med heildøgnstenester, men vil fortrinnsvis få tildelt langtidsopphald.

Kapittel 3. Rett til enkeltvedtak og oppfølging av personar på vurderingslister

§ 8.Vurderingslister

Personar som ikkje fyller vilkår for umiddelbart å få langtidsopphald i sjukeheim, men der kommunen vurderer at personen er best tent med eit slik bu- og tenestetilbod, blir sett på ei vurderingsliste.

Vedkommande vil få avslag om langtidsopphald i sjukeheim, men vil få enkeltvedtak om å få stå på vurderingsliste, og om dei helse- og omsorgstenester som blir gjeve inntil det blir ledig plass.

Tenestene som blir gjeve i ventetida blir fortløpende vurdert og skal til ei kvar tid vere forsvarlege og behovsdekkande.

§ 9.Oppfølging av pasient eller brukarar på vurderingsliste

Dei som står på vurderingsliste vil bli vurdert når det er ein ledig plass ved sjukeheimen, og den med størst behov blir tildelt plassen. Personar som får enkeltvedtak om å stå på vurderingslista må påberegne at personar med meir presserande og større behov vil bli prioritert først. Det gjeld ingen tidsfrist for når langtidsopphald i institusjon skal bli tilbode.

Vågå kommune ved Tidelingskontoret skal i nært samarbeid med heimetenesta til ei kvar tid følgje med på behovsutviklinga hjå personane som står på vurderingslista, og skal syte for at det øyeblikkeleg blir gjeve opphold i institusjon dersom det oppstår ein situasjon der det hastar for den enkelte person å få eit slikt bu- og tenestetilbod.

Kapittel 4. Saksbehandling, eigenbetaling og klageadgang

§ 10.Saksbehandling

Tideling av langtidsopphald i sjukeheim **eller bustad tilrettelagt for heildøgnstenester** skjer etter søknad til Tidelingskontoret i Vågå kommune. Før enkeltvedtak blir fatta må saka vere tilstrekkeleg opplyst og alle relevante forhold må vere greia ut, medrekna:

- opplysningar om forhold som er nemnt i denne forskrifta § 6 .
- opplysningar frå møte e.l. med personen og/eller partsrepresentant, jf. pasient- og brukerrettighetsloven.
- funn frå kartlegging medrekna IPLOS-kartlegging, og eventuelle resultat frå vurderingsopphald i sjukeheim.
- opplysningar frå spesialisthelsetenesta, fastlegen eller anna helsepersonell, medrekna om diagnose, prognose, medisinsk, ernæringsmessig eller anna utgreiing og behandling og hjelpebehov.
- andre opplysningar.

~~Dersom saka ikkje er tilstrekkeleg greia ut til at det kan bli fatta enkeltvedtak om tildeling av langtidsopphald, må saka bli greia ut vidare inntil det ligg føre eit forsvarleg beslutningsgrunnlag.~~ I forbindelse med saksutredningen kan det bli fatta enkeltvedtak om korttidsopphald for vurdering av bistandsbehov.

Kommunen skal fatte vedtak om innvilga eller avslag på søknad om langtidsopphald eller bustad tilrettelagt for heildøgnstenester.

Bebuar med disposisjonsrett i bustad tilrettelagt for heildøgnstenester vil få husleigekontrakt.

§ 11.Betaling for langtidsopphald

Eigenbetaling for helse- og omsorgstenester i sjukeheim følgjer reglene i forskrift 16. desember 2011 nr. 1349 om egenandel for kommunale helse- og omsorgstjenester i institusjon.

Det vil bli fatta eige enkeltvedtak om vederlagsberegning for langtidsopphald der storleik på vederlag vil bli opplyst.

Betaling for tilsvarende bustad særskilt lagt til rette for heildøgns tenester går fram av husleigekontrakta, og blir regulert årleg i kommunen sitt gebyrregulativ. Eigenbetalinga for helse- og omsorgstenester i slikt butilbod følgjer av reglane i forskrift nr. 1349 om eigenandel for kommunale helse- og omsorgstenester utanfor institusjon.

§ 12.Klage

Ved klage på enkeltvedtak om langtidsopphald i sjukeheim, bustad tilrettelagt for heildøgnstenester eller om å få stå på vurderingsliste til langtidsopphald i sjukeheim og om helse- og omsorgstenester i eller utanfor sjukeheim gjeld avgjerdene i lov 2. juli 1999 nr. 63 om pasient og brukerrettigheter kapittel 7.

Kapittel 5. Ikrafttredelse

§ 13.Ikrafttredelse og revidering av forskrifta

Denne forskrifta trer i kraft

Forskrifta skal bli gjennomgått og ved behov bli revidert. Dette gjeld når nasjonale kriterier for tildeling av langtidsopphald i sjukeheim og disposisjonsrett til tilsvarende bustad særskilt tilrettelagt for heildøgns omsorg er vedtatt. Ved motstrid vil den nasjonale forskrifta gå framfor denne forskrifta.